

TROMS SKOGSELSKAP



ÅRSMELDING

2023



Framsida:

Grantømmer kjøres fram til kaikant, Finnjordbotn 24. april 2023. John Myhre svingar krana på lastebilen. Tømmeret er hogd på Soløy i Lavangen, og skurtømmeret vert sendt ut av fylket. Med sagtømmer og slip/energivirke vart det hogd om lag 2 800 m³.

Troms skogselskap

Årsmelding 2023

INNHALD

Troms skogselskap

Styret – administrasjon	5
Årsmøtet	6
Eigedommane	11
Melding frå planteskolane	12
Informasjon – Andre arbeidsoppgåver	20
Fond – legat – rekneskap	27

Skogbruket i Troms

Skogbruksstyresmakt – funksjonærer	34
Ulike arbeidsoppgaver – tiltak	37
Skogens tilstand og vekst	44
Vêrtilhøva	44
Skogtilstanden	47
Skogens vekst	47
Skadar på skogen	48
Blomstring – konglesetting	52
Skogsbær - matsopp	53
Vilt – skog	54
Skogbruksaktivitet	57
Skogfond	60
Arealforvaltning	61
Skogdagar o.l	62

Tabeller I – XIII	65
------------------------------------	-----------

Vedlegg	95
--------------------------	-----------

Skogbruk i Salangen (Troms skogselskap sitt årsmøte 22.09.23)
v/skogbrukssjef Inge Fredheim

Argumenter for å vente til normal hogstmodenhetsalder. (Troms skogselskap sitt årsmøte 22.09.23) v/Leif Evje)

Notat frå Leif Evje basert på hans egne observasjonar i Kvæfjord i løpet av 2023.

TROMS SKOGSELSKAP

STYRET

Etter årsmøtet 21. september har styret denne samansettinga:

1. Kristian Karlsen, Målselv,	vald av årsmøtet	2021 – leiar
2. Leif Evje, Kvæfjord, nestleiar	« «	2022 – nestleiar
3. Geir Inge Sivertsen, Lenvik	« «	2022
4. Mette Kinderås, Harstad	« «	2021
5. Elisabeth Torstad, Lyngen	« «	2023

Varamedlemmer (vald samtidig med styremedlem med same nummer).

1. Frode Løwø, Sørreisa
2. Inge Fredheim, Salangen
3. John Karlsen, Nordreisa
4. Ingunn Irene Rivertz Vatne, Lyngen
5. Ingrid Krogstad, Sørreisa

Arbeid i styret

Styremøte

Styret har hatt 3 møte, eitt var på nett (Teams), med i alt 19 protokollførte saker.

Av saker nemnast:

Administrative

- Rekneskap og budsjett. Kapitalorvalting. Heradsskogfonda.

Fagerlidal 54/13

- 132 kV line frå Bardufoss til Finnfjordbotn.

Skogbrukets hus

- Utleige av kontor. Vedlikehald.

Tilskott - anna

- Rekruttering til utdanning i skogbruk – «Velg skog».
- Bøker - «Frender feirer skogen - salsopplegg.
- Gåve til DnS i høve deira 125 årsmarkering.

ADMINISTRASJON OG TILSETTE

Administrasjon

Terje Dahl er selskapets sekretær. Konsulent Anne-Sofie Jakobsen har heil stilling hos Fylkesmannen. Ho har vore leigd inn for å ta seg av rekneskapen.

Bardufoss planteskole

Magne Ove Holmebukt er heilårstilsett. Frå 2. november var Frank Kjellmo var utfører òg arbeid for skogselskapet.

Reinholdet i Skogbrukets hus vert utført av Toma Facility Services As ved deira avdelingskontor på Finnsnes. Toma-gruppen har hovudkontor i Bergen

Revisor

Revisjonsfirmaet Helberg og Øverås A/S er skogselskapets revisor.

Medlemmar 230.

Alle medlemmane av skogselskapet får bladet «Skog og miljø».

Årsmøtet

Årsmøtet var i år på Grendehuset i Øvre Salangen 22. september. Før årsmøtet var det skogdag.

Mens vi samla oss til årsmøteutferda ved Øvre Salangen grendehus, var det kaffe og småkaker å få.

Skogdagen

Utferda gjekk med personbilar til skogområde på Kistefosshaugen i Øvre Salangen, der vi køyrde til enden av ein 2,3 km lang skogsveg til snu- og velteplass (Spatnju) på 260 moh.

Her var det dei siste månadane hogd 2 - 3000 m³ flisvirke. Det låg enno att nokre billass.

I eit overskya vêr utan nedbør og vind og med haustfarge skog ikring, hadde vi fin utsikt over Øvre-Salangen, ei landbruksbygd med mykje skog og dyrka mark.

Skogbrukssjef Inge Fredheim ønska velkommen, orienterte om staden vi var, fortalde om skog og skogbruk i Salangen og tok for seg hogstopplegg, vegbygging og skogkultur. Han kom særleg inn på manglande skogplanting og spekulerte på kva som skulle til for å få opp interessa. .Mangelfull innrapportering gjorde det ofte vanskeleg å følge opp med gjenplanting.



Skogbrukssjef Inge Fredheim ønsker årsmøtet velkommen til skogs

Lars John Hellefossmo fortalte frå skoghistoria for området. Mellom anna trekte han fram vedhogstar tyske fangar var sette til rett etter krigen sommaren 1945.

Eit samandrag av orienteringa om Skogbruk i Salangen er tatt med i vedlegg 1.

Skogsdrift 2023:

Hilma AS har gjennomført skogsdrift på indre/øvre del av vegen hos tre skogeigarar. Sjølve hogsten vart gjennomført vår/sommr 2023. Det var stort sett tørre og gode driftsforhold. Da alt virket var flisa og køyrd inn (etter årsmøtet), var det innrapportert (VSOP) 2 780 fm³ heiltreflis frå denne drifta. Det var dyktige skogsarbeidarar som hadde vore i sving her, og det er ei str føremon å ha tilgong på slike i kommunane.

Tusenkronersvegen på Kistefosshaugen i Salangen kommune.

Byggestart hausten 2007. Begge anlegga ferdigstilt 2011.
2375 m skogsbilveg klasse 4 (11 interessentar). 1020 m traktorveg klasse 7 (4 interessentar).

Kostnader: Bilveg 280 kr/m. Traktorveg 103 kr/m.

(Namnet «Tusenkronersvegen» skriv seg frå syttitalet. Da vart ei lita vegstrekning utbetra for å kome fram til eit hogstområde. Strekinga var kort og dyr. Sidan vart den ein del av det store veganlegget, og namnet hang med).

Økonomisk tap ved å hogge granfelta for tidleg

Dette er eit viktig tema som har vore opp på fleire skogsamlingar og årsmøte. I år vart det tatt opp på skogdagen. Leif Evje orientert om dette. Ei kort oppsummering av innlegget er tatt med som vedlegg 2.



Orientering ved velteplassen med Lifjellaksla g Bjørnefjell i Bardul i det fjerne. Eit hovudtema på utferda var økonomisk tap ved å hogge granfelta for tidleg. Her orienterer Leif Evje om dette.

Hefte om granplantefelta i Troms

Til årsmøtet var det laga eit hefte om «Granplantefelta i Troms». Heftet (24 sider) omhandla mellom anna historie, volumproduksjon, verdikjeder, bruk av virke frå felta, hogstmodningsalder, eigenskapar, kvalitet og undersøking og forskning på tømmer frå skogreisingsfelta. Viktig budskap er: Hogg ikkje granplantefelta for tidleg.

Årsmøtet

Tilbake i grendehuset ønska leiaren medlemmane velkomne til årsmøtet – i alt 15 frammøtte. Etter godkjenning av innkalling og saksliste vart det vald to til å skrive under protokollen.

Innkalling – kunngjering i aviser (Nordlys, Troms folkeblad og Nye Troms).

Årsmelding og innkalling var lagt ut på nett under «Årsmeldinger – Skogselskapet Troms 2022». I tillegg var innkallinga sendt pr. brev til ca. 80 medlemmer.



Årsmøtet 22. sept. 2023 – Øvre Salangen grendehus

Leiarens 5 minutt.

Vi kan no glede oss over at skogselskapet siste reknskapsår fekk eit overskott like over ein halv million. Det gjer godt. Selde plantar i 2022 vart til slutt fastsett til 380 000, eit heller svakt resultat, men utbetalte koronamidlar (for åra 2019 -2021) og statsforvalraren sitt gode prosjekt «arbeid for ungdom» hjelpte godt på. Planteskolen er ein viktig del av skogbruksmiljøet i fylket. Mykje av kapasiteten i skogselskapet går med til å legge til rette for å halde liv i han. Det er lite tilgang på arbeidskraft.

Etter lang stillstand fekk vi rundt siste årsskifte inn to nye leigetakarar i Skogbrukets hus. Ei framifrå utvikling, men vi har enno mange tomme kontorlokale

Landbruksveka i Balsfjord vart halden i ei solfylt helg sist i juni etter at koronaen hadde fått utsett arrangementet med eitt år. Skogselskapet og skogbrukarar hos Statsforvaltaren samarbeidde om ein felles stand. Standen var godt besøkt, med mange nyttige innspel og utspel. I januar i år deltok skogselskapet med stand på Yrkes – og utdanningsmessa for Nord-Troms i Nordkjosbotn i Balsfjord.

I denne korte oppsummeringa vil eg òg ta med at i første del av dette året kom dei to bøkene ut: «Skogreising i nord – dei første 100 år» og «Frændur fagna skógi - Frender feirer skogen». Troms skogselskap ved sekretæren var mykje involvert i desse prosjekta..

Det er mykje å ta fatt i, og nok å gjere, Vi saknar det breie engasjementet kommuane «før i tida» hadde i skogsaka og oppbygginga av langsiktige ressursar. Til slutt vil eg takke medarbeidarane i skogbruket for innsatsen.

Årsmeldinga

Sekretæren gjekk gjennom årsmeldinga, og knytte nokre merknader til einskilde postar. Vi hadde ikkje fått inn bidraget frå Statsforvaltaren med unntak av avsnittet om areal. Skogselskapet har som tidlegare skrive, og tatt med, kapitla om «Skogbruksstyresmakt», «Ulike arbeidsoppgåver – Kystskogbruket og samarbeid med NIBIO», «Skogens tilstand og vekst», «Vilt – skog» og vedlegg. Vi vonar vi får med det resterande.

Terje Karlsen kommenterte om kva vi kan gjere for å utnytte bjørkeskogen betre i framtida. Han viste til satsinga på bjørk i Finland og Russland. Han peikte òg på at ingen av dei politiske parti hadde sagt noko som helst om skog og skogbruk i årets valprogram. Gunnar Kvaal spurte om skogselskapet kan levere fjelledelgran og låglandsbjørk. Vedtak: Årsmelding godkjent.

Rekneskapen

Terje Dahl gjekk gjennom rekneskapen. Revisjonsmeldinga vart lagt fram. Sverre Kulseng spurte etter målsetting/tiltak for å auke plantesalet. Vedtak: Rekneskapen godkjent.

Val

Geir Kvammen la fram valnemnda si innstilling:

Val av 1 styremedlem m/varamedlem:

Medlem: Elisabeth Torstad vald.

Varamedlem: Ingrid Krogstad vald.

Nytt varamedlem for Mette Kinderås:

Verna Lise Viken, Nordreisa, vald.

Val av leiar for 1 år

Kristian Karlsen attvald.

Val av nestleiar for 1 år.

Leif Evje attvald

Val av revisor.

Revisorane Helberg & Øverås attvald.

Val av utsendinger til årsmøte Norske Skogselskap:

Leiar og sekretær valde.

Val av 1 medlem til valnemnda.

Geir Kvammen vald for 3 år.

Arbeidsoppgåver framover.

Ein stor del av tida går til dei faste arbeidsoppgåvene knytta til adminstrasjon, planteskole og forvaltning av eigedomane.

Vi har som mål å vere meir synleg og å følge opp saker utat så langt vi strekk til.

Årsmøtet vart avslutta med middag levert frå Dyrøy mat og servert av gode hjelparar ved Øvre Salangen grendehus.

Eigedommar

Oversikt over Troms skogselskap sine grunneigedommar.

Tala er frå «Gardskart på nett». Arealet er frå AR5, der markslaga er delt i 7 klassar.

Areal i da.

Eigedom	Kommune	Gards-og bruks- nummer	Fulldyrka/ innmarks- beite	Prod. skog	Anna mark- slag	Bebygd, samferd- sel, vatn	SUM Grunn- eigedom
Fagelidal	Målselv	54/13	4	1681	816	80	2581
Leirbakkmo	«	7/5	23	765	496	7	1291
Brandsegg	«	85/7	3	422	30	11	466
Klengstua	«	24/7	0	7	0	0	7
Ervik planteskole -teig, Sollia	Harstad «	79/5 m.fl. 79/6	32 2	60 11	22 5	4	118 18
Norum	Lenvik	78/6	3	191	391	3	588

To frådelt tomte med hus i Fagerlidal,

54/174 Skogly – bebygd 0,1

54/312 Bergan – bebygd 0,1

MELDING FRÅ PLANTESKOLANE 2023

Bardufoss planteskole

Styret

Skogselskapet slit med å halde planteskolen i gang. Det går tregt med å få opp plantetalet. Styret for planteskolen er det same som for Troms skogselskap.

Styret har hatt eitt møte der dei handsama rekneskap, budsjett, drifta i lanteskolen og planteprisar.

Planteskolen



30. januar 2023.

Magne Ove Holmbukt laster av torv og perlite. Varene er tinga gjennom Planteskole tenesten til DnS, og er levert frå NMP Närkes. – Ei god ordning.

Vinter – vår – oppstart

Snødjupna på planteskolen var rundt 45 cm først i januar, og i ein nokonlunde stabil vintersesong var plantane dekte med snø til slutten av april. Arbeidet på drivhusarealet tok til 17. april.

1. mai var det stort sett snøfritt, men med eit 3 – 6 cm islag over plantane i fleire av husa. Der plantane var tina fram, stod pottebretta i is. 8. mai snøfritt bortsett frå nokre snydungar.

Hus 3 (eit 80 meters hus) var sett opp 3. mai. Pottébretta med nysåing av furu, gran M-60 og M95 vart sett inn, men ikkje oppvatna før 10. mai. Hus 8 og 7 var oppe 19. og 24. mai. Resten av pottébretta (2000 gran M95) vart sette inn i hus 8.

Hus 7, og rett etter hus 6, vart sette opp for at dei litt små plantane her skulle kome tidleg i vekst og dermed få ein lenger vekstsesong




7. mars – 2023 – stabilt snødekke over plantane sia årsskiftet.



19. april 2023 - mot vest plantane var dekte med snø til di siste dagane av april. Arbeidet på drivhusarealet tok til 17. april.



1. mai 2023 - mot aust – stort sett snøfritt, men med eit 3 – 6 cm islag over plantane i fleire av husa. Der plantane var tina fram, stod pottebretta i is.



7. mai 2023.

Litt opp til venstre i bildet ser vi hus 3 som er sett opp, og nysåinga vart vatna opp 10. mai. Vidare til høgre ser vi sørgavlane til husa 6, 7, 8, 9 og 10. i bakgrunnen til høgre Fossmotunet. Hus 3, 6, 7, 8 og 9 er åttimetrers hus. Hus 10 heit til høgre er 50 m (same som hus 1 som ikkje synest på dette bildet). Midt i bildet hus 7 med furu nærast. Plantane i dette huset vart sådde våren 2022. I hus 8 er det ledig areal i nordre del. Her vart dei resterande (ca. 3000) pottebrett med gran sett inn 23. mai.



18. juni 2023 - hus 6.

I hus 6 stod det 2-årsplantar. Etter to fulle vekstsesongar var dei, av uheldige omstende, for små til salsplantar, men rothalsdiameteren var godt utvikla.

Plantane her fekk vatn og gjødsel frå 10. mai før vekstduken var trekt over. Vi håpa på at plantane skulle kome i vekst, men i det kjølige vêret etter 17. mai var det lite utvikling. Kor lenge kunne dette vare? Best var det å få plantane i vekst, og ei dryg veke etter den 17. var vekstduken oppe. Det hjelpte på. Plantane strekte seg, og midtsommars var plantane leveringsklare. (No vart det, som vi veit, ein varm sommar frå 10. juni med gode veksttilhøve. Kan hende ville dette langt på veg ha vore nok).

Såing

Såing i pottebretta vert gjord i Skogbrukets hus og pottebretta sette på lager. I år var denne såinga stort sett unnagjort ei veke etter påske.

Skogstovr og perlite vert kjøpt frå Närke i Sverige, og kjem med vogntog til Skogbrukets hus tidleg på etterjulsvinteren. Planteskolane kjøper dette gjennom ei fellesordning som planteskolekonsulenten i DnS tar seg av.

Nysåingane var vatna opp frå 10 (hus 3) til 23. mai (hus 8).

Desse treslag og proveniensar vart sådde i dei 7 250 pottebretta:

Treslag	Antal-brett	Plante-type	Proveniens	Frøparti	Frøforbruk kg
Gran	3500	M-95	P1	F21-018	4,2
	2000	M-60	«	F21-019	0,9
	200	M-95	P2	4156Y	0,2
Furu	800	M-95	X1	F12-011	0,7
	200	M-95	X-2 - Målselv	F06-022	0,2
	400	M-95	Ø1- Alta	F12-004	0,3
	100	M-95	Æ-1	F07-093	0,1
	7250				

Plantesal

Det vart i år levert 552 000 plantar. Første plantepartiet på 5 000 gran vart levert til ??? i Målselv 7. juni. Siste levering var 25. september med 5 000 gran P1 M95 til Tamokdalen, Balsfjord.

Til Finnmark vart det i juni levert 20 000 plantar – 4 000 gran og 16 000 furu.

47 % av leverte plantar var til vårplanting. I Troms utgjorde vårplantinga 43 prosent.

Skilje mellom vår- og haustplanting set vi ved utsende plantar innan 15. juli.

Treslag	Proveniens	Vårplanting	Hautplanting	I alt
Gran	P1 – M95	190 000	180 000	370 000
	P1 – M60	-	72 000	72 000
	P2 – M95	-	14 000	14 000
		190 000	266 000	456 000
Furu	X1	40 000	7 000	47 000
	X2	13 000	-	13 000
	Z1	2 000	5 500	7 500
	Æ1	500	-	500
	Ø1	12 000	16 000	28 000
			67 500	28 500
I alt		257 500	294 500	552 000

Frøparti: Gran P1 - frøpartiet 4204, P2 er 4156. Furu: X1 (Målselv) F20-007, X2 F06- 022, Z1 4942, Æ1 F07-093, Ø1 (Alta) F14-009.

Plantane vart leverte til (avrunda tal):

Balsfjord	47 000
Harstad	29 000
Kåfjord	2 000
Målselv	360 000
Nordreisa	300
Salangen	3 000
Storfjord	300
Sørreisa	90 000
<u>Finnmark</u>	<u>20 000</u>
	<u>551 600</u>

Plantebeholdning hausten 2023 (i 1 000)

Treslag	Prov.	Pottebrett	1 år	2 år	3 år	Sum
Gran	P-1	M95	190	550	-	740
”	P-1	M60	110	112	14	236
«	P-2	M95	12	50		62
Furu	X1	M95	65			65
«	X2	«	15			15
«	Z1	«	-			-
«	Æ1	«	8			8
<u>«</u>	Ø1	«	32			<u>32</u>
<u>Lalt</u>						<u>1 158</u>

Skadar

Stort sett lite skadar, men stor avgang og skadar på eit parti 3-årige granplantar etter vin-teren. Desse plantane var seinhaustes flytta på friland langs hus nr. 1. Ein viktig (medvir- kande) årsak kan vere rotskadar ved flyttinga. Røtene hadde fått god feste i sanda under pottebretta før flytting.

Gjødsling.

Justeringane med auka nitrogengjødsel slo positivt ut, men dei innsendte prøvane i haust synte at dette må følgast opp. I år fekk vi òg påvist lågt innhald av bor.

Forskar Inger Sundheim Fløistad drøfter og oppsummerer dei ulke prøvene ho fekk slik i brev av 04. 12. 2023:

Resultatene er som før hovedsakelig vurdert opp mot Torstein Ingstads optimalverdier for spireplanter og Finn H. Brækkes anbefalinger for skog, slik det er gjort tidligere. Normtallene som vi tidligere har brukt er oppført på samme excelark, sammen med årets gjennomsnitt for alle planteskolene samlet.

- - -

Bardufoss

Det er lave verdier på innholdet av bor og nitrogen i prøvene, spesielt prøve 1. For produksjonsplantene er det mulig å justere næringsinnholdet i neste sesong. Bor er avhengig av aktiv transport i plantene for opptak, så under forhold hvor det er lite transpirasjon vil opptak kunne være vanskelig. Bor er viktig for knopp utvikling og utvikling av frostherdighet. Det er derfor tilsatt ekstra bor i den mikrogjødselen som vi bruker i skogplanteskolene. Som vi snakket om på telefon i dag, kan dere med fordel bruke mer Blå Pioner (som har høyere nitrogen innhold) sammen med mikro, eventuelt med Gul pioner fra midten/slutten av august hvis dere har igjen Gul Pioner på lager. Fortsett å gi Calsinitt, for eksempel ved hver tredje tillaging av gjødselblanding.»

Ugras

Gjennom heile vekstsesongen er det ugrasfrø av ein eller annan art i lufta. Det er mange slag ugras, til saman har desse eit vidt trivselområde for god vekst, og det er alltid ein eller fleire artar som finn seg vel til rette med veksttilhøva i drivhusa.

Strekking av finmaska nett over luftelukene, hjelper godt til med å halde ugasmengda nede. Sprøyting tas i bruk der vi har eigna middel – det vert stadig færre slike. Fram til midten av juli såg det bra ut, men frå da auka problemet, og vi strevde mykje for å halde styr på det, også med vanleg lukingt Det er tidkrevjande arbeid i periodane med planteleveransar

Mose

Mose er det rikeleg av i pottebretta, men dette har truleg lite å seie dyrkingmessig.

Verst er tvaremosen som spreier og breier seg lett og kan avgrense vatn og gjødseltilgangen til plantane i pottene. Det er få plantevernmiddele å ta i bruk.

Tvaremose har synt seg særsvak mot bakepulver. Det er flekkvis nytta med god effekt – ikkje akkurat noka rimeleg rådgjerd.

Vekst og vekstavslutting - vêret gjennom vekstsesong til årskiftet

Nysåingane i hus 3 og 8 fekk med seg nokre varme dagar før vi fekk ein kjølig vêrtype siste veka i mai og ein halvanna veke ut i juni. Da kom ein periode med varme og nedbørsfattige dagar som varte heilt til midten av august. Planteskolen ligger berre eit par kilometer frå Bardufoss vêrstasjon, og ut frå observasjonar der kom det i denne perioden under 40 mm nedbør, derav berre 9 mm i juli. For perioden juni – august registrerte dei 45 sommardagar (for at det skal vere ein sommardag må temperaturen kome opp i 20 gradar eller meir).

Det var oftast full lufting i husa for å hald temperaturen innafør eit forsvarleg nivå, og med denne varmen krevde det mykje oppfølging med vatning og gjødsling.

Som nemnt under ugras, så var det òg ei utfordring.

Mildvêret heldt seg utetter hausten. Midt i september var det nokre kjølige dagar, og dei to første døgn med nattefrost kom midt i månaden. Ved månadsskiftet september/oktober vart det kaldare. Snøgrensa kraup nedover, og om morgonen 5. oktober var det kome litt snø i planteskolen, men det vart fort bert.

Da var dei siste vekstdukane tatt ned, og innvintringa hadde vore god.

Siste halvdel av oktober og ut året var det kaldt og tørt. 10. november begynte det å snø etter ein lang og kjølig periode, og i laupet av ei dryg veke var snødjupna i planteskolen auka til 20 cm. Frå no av var plantane dekt av snø resten av vinteren.



Planteskolen 31. des. 2023 kl.12.30. Snydjupne 35 cm, -24 °C.

Arbeidskraft

I tillegg til Magne Ove Holmbukt og Frank Kjellmo som har sitt hovudarbeid i planteskolen, har vi hatt innleigd sesonghjelp. 7 skogplantarar frå Polen, som dei siste åra har vore hyra inn til skogplanting i Målselv, arbeidde til saman om lag 870 timar i planteskolen i sommar. Frå midt i mai til midt i august var Matthew McCoubrey tilsett i planteskolen. Han var frå England og hadde arbeid nokre år i Noreg. Han òg sambuaren fekk seg arbeid i nærleiken av bustaden i Sørreisa. Dermed avslutta eit arbeidstilhøve som vi håpa på skulle vare ved.

Sommararbeid for ungdom.

Frå skoleslutt i juni og 3 veker ut i juli var ti ungdommar i arbeid i tiltaket «Sommararbeid for skoleungdom». Dei dreiv hovudsakleg med tynning. Fylkesskogmeister Trude Hagen-Hansen styrde med denne gruppa. – Eit godt tiltak og ein bit av arbeidet med å få ungdom til skogbruket.

Ervik planteskole

Her er det som i fjor:

Utleige. I driftsbygninga er det to leigetakarar. Den eine leiger til lagerlokale, og den andre driv med veteranbilar. Våningshuset er leigd ut på korttidskontrakt til same leigetakar som i fjor.

25 dekar dyrka mark av det tidlegare planteskolearealt er leigd ut på 10-års kontrakt.

INFORMASJON - ANDRE ARBEIDSOPPGÅVER

Skogdagar

Skogdag i tilknytting til årsmøtet

Skogdagen i tilknytting til årsmøtet er open for alle.

Synfaring

19. juli var leiar og sekretær på synfaring i Kistefosshaug i Øvre- Salangen saman med skogigar Lars Johan Hellefossmo og skogbrukssjef Inge Fredheim. Her var godt skjøtta skog, og skogeigaren hadde mykje historie å fortelje. I området pågjekk det store vedhogstar. Tanken slo oss at her kunne vi ha skogdag i tilknytting til årsmøtet – og slik vart det.



Synfaring Kistefosshaug, Øvre Salangen 19. juli. Skogbrukssjef Inge Fredheim, skogeigar Lars-Johan Hellefossmo og styreleiar i Troms skogselskap Kristian Karlsen.



Synfaringa 19. juli. Velteplassen inst på skogsvegen I området hadde det vore stor hogst av flisvirke. Lunning og lessing på bilhengarar for utkøyring av flisvirke.

Informasjonsmøte

Møte med Nordtømmer - Skogbrukets hus 20. mars 2023.

På eit møte på Skogbrukets hus 20. mars informerte Nordtømmer om sin organisasjon, aktivitet i Troms og eventuell utviding her. Nordtømmer er datterselskap til skogeigarorganisasjonen Norskog. Nortømmer driv med tømmeromsetting og skogtenester, mellom anna skogplanting, og har aktivitet i alle fylka.

Møtet var kome i stand etter førespurnad frå Gunnar Kvaal som hadde hatt kontakt med dei om tankar og aktivitetar i skogen i Balsfjord og Troms. Møtet vart lagt i samband med at tilsette i Nortømmer skulle treffe medarbeidarar i Harstad.

I tillegg til 4 frå Nortømmer møtte òg 3 skogsentreprenørar 2 skogfunksjonærar Gunnar Kvaal og sekretæren i skogselskapet.

Gunnar Kvaal opna møtet og gjorde reie for tankar omkring hogst i gamal bjørkeskog for produksjon av ved, pellets på Bergneset (proskjettet Bionor) med meir.

Det var eit greitt møte. For skogbruket i Troms er det nyttig å få informert om kva utfordringar og begrensingar vi har.

Aviser

Avisa Nye Troms har årleg temaavis om landbruk. I desse har dei òg reportasjar og anna stoff om skogbruk. Avisa gjev ut 3 spesialnummer som med ei veker mellomrom etter tur sendast alle husstandar i - Balsfjord og Storfjord, - Målselv og Sørreisa - og Bardu, Salangen og Lavangen. Annonsen kjem i alle desse 3 utgåvene og vert såleis godt spreidd. Totalt opplag ca. 6500 eksemplar.

Skogselskapet hadde i år òg ein halvsiides annonse. Annonsen var etter mønster frå dei siste åra. (for fig.sjå Årsmelding 2021, s. 25).

Rekruttering – utdanning

Dei siste åra har det vore tiltakande vanskeleg å rekruttere ungdom til skogutdanning. Det gjev seg utslag i mellom anna vanskar med å få tilsett fagfolk i dei ulike stillingane. I Troms har det til dømes mangla kvalifiserte søkarar til stillingar som fylkesskogmeister, skogbrukssjef og skogmeister.

Skogselskapet har orientert om skogutdanning på skogdagar, landbruksmesse og andre stader det har vore høveleg å ta dette opp, men større innsats trengst.



Yrkes- og utdanningsmessa i Nordkjosbotn 27.01.2023

Yrkes- og utdanningsmesse i Nord-Troms – Nordkjosbotn 27. januar.

I januar i år var skogselskapet med på Yrkes- og utdanningsmessa i Nordkjosbotn. Om opplegg og omfang skriv arrangøren:

«Yrkes- og Utdanningsmessene i Nord-Troms arrangeres av Halti Næringshage i Nordreisa og samarbeidspartnere. Dette er første gang vi arrangerer en egen messe for Nordkjosbotn. Målgruppa er elever i 9. og 10. klasse, voksenopplæringene, VG1, VG2 og VG3 fra Lyngen, Storfjord og Balsfjord. Til sammen er det meldt på 460 elever!

Under årets messe fylles Nordkjosbotn idrettshall med over 45 stands med ulike utstillere fra utdanningsinstitusjoner, opplæringskontor, næringslivet og kommunene. I messehallen er alle utstillerne plassert etter fag og bransje.»

Troms skogselskap deltok på messa. Ein fin og nyttig møteplass for informasjon om yrkesval – og utdanning innafor skogbruket. Skogbruket treng rekruttering. For skogselskapet stilte Gunnar Kvaal og sekretæren. Vi var i kontakt med «Velg Skog» og fekk brosjyrar frå dei om utdanning.

I november var dagleg leiaren i «Velg skog», Kristin Slyngstad, i fylket og besøkte 4 skolar i Tromsø, Balsfjord og Målselv saman med Gunna Kvaal. Sekretæren deltok andre dagen. I ei travel tid for skolane, var ikkje alle like godt informert og førebudd, men opplegget vart tilpassa tilhøva. Materiellet og framføringa frå «velg skog» var godt og vellykka. Nov. var det orientering for Montessoriskolen i Øverbygd.

Det vart avtalt at Slyngstad skulle delta saman med oss på Yrkes- og utdanningsmessene på Storslett og i Nordkjosbotn komande januar 2024. I tillegg skulle vi prøve å få til eit informasjonsopplegg for elevar på Bardufoss vidareåande skole i Målselv.

«Velg Skog» har laga mykje informasjonsmaterieill både brosjyrer, videoar, powerpoint, filmar, marerieill til oppsett av stand med meir. I styremøtet i desember løyvde skogselskapet pengar til innkjøp av utstyr til stand utarbeidd av Velg Skog.



Øvergård Montessoriskolen, Målselv nov. 2023. Leiar Kristin Slyngstad i «Velg skog» fortel om skogbruksutdanning og alle arbeidsoppgåver ei slik utdanning opnar for.

«VELG SKOG jobber med rekruttering, kompetanse og omdømmebygging for skognæringen. Velg Skog finansieres av medlemmer i næringen, Landbruks- og matdepartementet, Skogbrukets Landsforening og NHO Mat og Drikke, samt midler fra skogbrukets ulike prosjektfond» (frå Nettsida til Velg Skog).

Skogleikene

Midt i november sendte vi ut informasjon om Skogleikene til alle kommunane i Troms der vi minte på om påmeldingsfristen 31. desember. Ved årsskifte var det 11 påmeldte skolar frå Troms.

Årsmøte 2023 – Skogbrukets kursinstitutt (Skogkurs) 2023

Årsmøtet var på Brumundal 31. mai. Ola Gram Dæhlen, Oppland, hadde fullmakt til å representere Troms skogselskap.

Kongle for ein dag.

Kong(le) for ein dag vart i år arrangert for 3.gong med stor deltaking. 1800 skoleklassar og 35 000 elevar frå heile landet var med. I Troms deltok over 30 skolar. (Talet på klassar og elevar har vi ikkje).



Kva er «Kong(le) for ein dag»?

Utdrag frå nettet og medlemsbladet «Skog & Miljø»:

«Kongle for en dag er en spennende og lærerik skoledag arrangert av Skogselskapet og Skogkurs.

Målgruppe er elever fra 1. til 7. trinn over hele landet. Målet med Kong(le) for en dag er å la barn og unge lære mer om skogen og hva den betyr, på en morsom måte.

Idéen til opplegget ble til mens koronarestriksjonene la føringer for både skole- og arbeidshverdag. Opplegget fenga og talet på deltakarar har nærast eksplodert.

Deltakelse på Kong(le) for en dag lar klassen jobbe med de overordnede målene bærekraftig utvikling og respekt for naturen og miljøbevissthet. Oppdragene vil knyttes til kompetansemål i fag som naturfag, matematikk og kunst og håndverk.

Opplegg: Dagen består av en blanding av **digital undervisning** og **praktiske oppgaver** i naturen. **Oppgaver:** Elevene kan velge mellom tre ulike oppdrag som dekker forskjellige læreplanmål.

Som lærer styrer du selv hvordan den praktiske delen av dagen gjennomføres, og i hvor stor grad du bidrar i oppgaveløsningen.

«Kong(le) for en dag» er gratis for skolene å delta på. Hold av **24. og 27. september 2024** for neste års arrangement.

DnS 125 år

Skriv frå direktør Trygve Enger til alle medlemmane

I e-post 15. september 2023 skriv Karl Henrik Berke, DnS:

«Hei dere,

i forbindelse med at DnS feirer sin 125årsdag i dag har Trygve skrevet ned noen ord.

Disse er i dag sendt ut til samtlige medlemmer som er registrert med e-post.

Noen fra fss har allerede rukket å spørre om dette også kan sendes ut som sms til de som ikke har e-post.

De av dere som ønsker at jeg sender det ut som sms (med link) i løpet av kvelden å gi meg beskjed. Husk at utsending av SMS koster 1,07kr pr 160 tegn.

Gi raskt beskjed om du ønsker at jeg skal sende ut til deres fylkesskogselskapsmedlemmer som er registrert med mobnr.»

Troms var med fullt ut.

Jubileumsmarkeringa

Sjølve jubileet vart markert i Oslo 18.oktober med følgjande opplegg:

«Jubileet vil markeres med en faglig ekskursjon inn i Oslo kommune sine skoger med kunnskapsrike innledere fra Nibio, Oslo kommuneskoger, Skogkurs og egne ansatte.

I etterkant av den faglige seansen i skogen vil vi samles til en god middag på Quality Hotel Expo på Fornebu klokken 19.00.»

Frå Troms skogselskap deltok leiar og sekretær. Eit godt og triveleg opplegg og gjennomføring.

Dagen etter var det Rådsmøtet same stad.

Bøker


Islandsboka

Boka «Frendar fagnar skog» vart ferdig i august. Boka vart lansert med tilstelling på ambassadane på Island og i Noreg. I Noreg var denne markeringa 9. september.

Hovudhensikten med boka var historia om «byttereisene» - utveksling av skogplantarar mellom Island og Noreg kvart tredje år i tidsbolken 1949 – 2000. (Sjå årsmeldinga 2018, under «Andre arbeidsoppgåver»). Den første reisa i 1949, og reisa i 1979 som òg var 30-årsjubileum, var i Troms.

Boka er trykt i 2250 eksemplar, 1500 til Island og 750 til Noreg.


Boka kan kjøpast hos Troms skogselskap.



«Skogreising i nord – de første hundre år»

Melding om denne boka hadde vi med i årsmeldinga i fjor (2022), og ho er like aktuell i år.

Boka er trykt i 800 eksemplar. Skogselskapet sin støtte var, nær sagt, avgjerand for å få ut boka. Sjå bokreklame s. 25. Boka kan kjøpast hos Nord-Norges Skogsmannsforbund, e-post: skogsmannsforbundet@gmail.com



Nils O. Kaasen
Skogreising i nord
- de første hundre år

Ny bok

«Skogreising i nord – de første hundre år» tar for seg skogreisinga i Nord-Norge fra sin spesielle begynnelse på slutten av attenhundretallet og fram til år 2000.

Skogressursene i landsdelen skulle bygges opp til å bli gagnlig for gardbrukere, skogiere og samfunn.

Utgitt av
Nord-Norges Skogsmannsforbund

- 416 sider
- 27 kapitler
- Historiske bilder/illustrasjoner

For bestilling av boka kontakt Nord-Norges Skogsmannsforbund e-post: skogsmannsforbundet@gmail.com

Pris kr 450,-
Frakt kr 50,-
Betales ved bestilling til konto nr 4530 49 34452

Dei siste åra er årsmeldingane lagt ut på nett. Dette har vi gjort merksam på ved innkallinga til årsmøte. Vi vil halde fram med å gje ut årsmeldinga som hefte. Ho er god å ha til informasjon, og har mykje stoff som er av skogfagleg og skoghistorisk nytte.

FOND – LEGATER – REGNSKAP

FOND - LEGATER

Troms herredsskogfond pr. 31.12.2023

Herred	Kapital pr. 31.12.2022	Tilgang	Avgang	Kapital pr. 31.12.2023
Balsfjord	8 954,77	0,00	0,00	8 954,77
Bardu	8 756,10	0,00	0,00	8 756,10
Harstad	109 525,21	0,00	0,00	109 525,21
Ibestad	27 182,63	0,00	0,00	27 182,63
Karlsøy	44 778,13	0,00	0,00	44 778,13
Kvæfjord	22 218,67	0,00	0,00	22 218,67
Kvænangen	7 800,77	0,00	0,00	7 800,77
Kåfjord	6 785,33	0,00	0,00	6 785,33
Lavangen	11 655,85	0,00	0,00	11 655,85
Lyngen	18 357,96	0,00	0,00	18 357,96
Målselv	27 997,66	0,00	0,00	27 997,66
Nordreisa	83 340,66	0,00	0,00	83 340,66
Skjervøy	11 218,72	0,00	0,00	11 218,72
Tjeldsund	3 808,72	0,00	0,00	3 808,72
Senja	8 770,77	0,00	0,00	8 770,77
Storfjord	4 144,97	0,00	0,00	4 144,97
Sørreisa	1 909,98	0,00	0,00	1 909,98
Tromsø	76 842,12	0,00	0,00	76 842,12
Sum	484 049,02	0,00	0,00	484 049,02

Carl H. Giævers legat:	Kapital pr. 01.01.23	163 750,19
	Gebyr	0,00
	Renter	<u>0,00</u>
	Kapital pr. 31.12.23	<u><u>163 750,19</u></u>

Øystein Jakobsens legat:	Kapital pr. 01.01.23	382 470,76
	Gebyr	0,00
	Renter	<u>0,00</u>
	Kapital pr. 31.12.23	<u><u>382 470,76</u></u>

RESULTATREGNSKAP 2023

	2023	2022
DRIFTSINNTEKTER:		
Husleier Skogbr.hus/boliger, Andselv *)	-1 389 788	-1 203 603
Medlemskontingent	0	0
Sum driftsinntekter	<u>-1 389 788</u>	<u>-1 203 603</u>
DRIFTSUTGIFTER:		
Driftskostnader	923 893	789 657
Kostn. Vaktmester/administrasjon	253 545	233 528
Kontorhold, adm. kostn.	20 959	44 350
Avskrivninger/avsetninger	115 457	7 768
Skogdager, informasjon, årsmelding	32 247	22 885
Skatt 8)	11 247	19 902
Sum driftsutgifter	<u>1 357 348</u>	<u>1 118 090</u>
Driftsresultat	<u>-32 440</u>	<u>-85 513</u>
FINANSINNT./KOSTN.:		
Renteinntekter	-14 873	-12 595
TS - renteutgifter/gebyr **)	76 003	65 449
Bardufoss pl.sk. - renteutg./gebyr	52 699	38 250
Ervik pl.sk. - renteutg./gebyr	244	295
Netto finansinntekt	<u>114 074</u>	<u>91 399</u>
EKSTRAORDINÆRE INNT./KOSTN.		
Tomteleie, festeavg.	-44 729	-35 929
Ekstraordinære inntekter (bl.a. rentem.)	-25 003	-441 480
Aksjer/verdipapirer	-269 035	-219 111
Tap på salg/husleie	0	0
Medl.kont. m.m. overf. grunnfond	0	0
Netto ekstraordinære innt./kostn.	<u>-338 767</u>	<u>-696 520</u>
BARDUFOSS PLANTESKOLE:		
Driftsinntekter	-2 559 701	-1 818 143
Kontorhold, adm.kostn.	41 206	30 420
Årsmelding, informasjon	6 500	22 182
Driftsutgifter	891 386	874 158
Lønnskostnader, sos.utg. m.m. 2)	1 223 519	1 027 856
Avskrivninger/avsetninger	36 549	18 853
Netto årsresultat	<u>-360 542</u>	<u>155 326</u>
ERVIK PLANTESKOLE		
Husleieinntekter/andre innt.	-132 775	-141 201
Kontorhold, adm.kostn.	6 375	5 152
Administrasjon	11 419	12 686
Årsmelding, informasjon	0	2 527
Driftsutgifter	130 967	123 282
Avskrivninger	15 000	0
Skatt 8)	1 101	2 025
Netto årsresultat	<u>32 087</u>	<u>4 471</u>
Årsresultat 6)	<u>-585 587</u>	<u>-530 837</u>

*) Leie av kjelleretasjen i Skogbrukets hus er ikke tatt med her.

**) Blant anna renteutgifter lån Skogbrukets hus.

BALANSE PR. 31.12.2023

	2023	%	2022	%
EIENDELER:				
Omløpsmidler:				
Kassa	0		1 403	
DnB	1 455 791		914 358	
Bank	873 681 9)		932 599	
Aksjer/verdipapirer	5 004 100 10)		4 688 850	
Mva til gode	0		25 312	
Debitorer	255 974		369 724	
Sum omløpsmidler	<u>7 589 547</u>	54	<u>6 932 247</u>	52
Anleggsmidler:				
Fagerlidal gård og skog	10 000			
Brandsegg	8 000			
Leirbekkmo	5 000			
Norum	5 000			
Samfunnstomta	2 000			
Jørnstubakken	500			
Ervik jord og skog	<u>50 000</u>	80 500 3)	80 500	
Hybelbygg	65 000			
Skogly	180 000			
Bergan	429 125			
Skogbrukets hus	<u>5 121 763</u>	5 795 888 3)	5 832 763	
Bardufoss planteskole:				
Bygninger	4 099			
Plastveksthus	<u>21 000</u>	25 099 3)	35 000	
Ervik planteskole:				
Bygninger	<u>120 000</u>	120 000 3)	135 000	
Inventar og redskap:				
Troms skogselskap				
Maskiner og redskap	500			
Inventar, småredskap, fotout	<u>46 140</u>	46 640 3)	52 097	
Bardufoss planteskole:				
Maskiner og redskap	128 655			
Inventar/kontorutstyr	<u>4 730</u>	133 385 3)	156 540	
Ervik planteskole:				
Maskiner og redskap	1 000			
Inventar	<u>1 000</u>	2 000 3)	2 000	
Andeler	36 025 4)			
Andel "Furuhaugen"	120 000			
Skogfond	18 727		174 752	
Sum anleggsmidler	<u>6 378 264</u>	46	<u>6 468 652</u>	48
Sum eiendeler	<u>13 967 811</u>	100	<u>13 400 899</u>	100

	2023	%	2022	%
GJELD OG EGENKAPITAL:				
Kortsiktig gjeld:				
M.v.a.	0		0	
Skyldig lønn/feriepenger	112 589		108 522	
Skyldig skattetrekk	50 775		31 507	
Skyldig arb.giveravg.	13 583		12 020	
Kreditorer mm.	319 194		228 151	
Skatt utleie	0 8)		21 927 8)	
Sum kortsiktig gjeld	496 140	4	402 127	3
Langsiktig gjeld:				
Lån Sparebank1 N-N	951 023 11)	8	1 064 411	
Sum langsiktig gjeld	951 023		1 064 411	
Sum gjeld	1 447 163		1 466 538	
Avsetninger:				
Avsetn.FoU	0	0	0	
Renovasjon skogbrukets	0	0	0	
Avsetn. tidl. år	7 700 000			
Sum avsetninger	7 700 000	7) 55	7 700 000	7) 57
Egenkapital:				
Grunnfondet	111 736 5)		111 236 5)	
Fri egenkapital	4 708 912 6)		4 123 126 6)	
Sum egenkapital	4 820 648	35	4 234 362	32
Sum gjeld og egenkapital	13 967 811	##	13 400 899	92

Andselv 31/12/2023
16/05/2024

Kristian Karlsen
leder

Leif Evje

Geir Inge Sivertsen

Mette Kinderås

Ingrid Krogstad

Revisorene Helberg & Øverås AS
revisor

Terje Dahl
sekretær

Anne-Sofie Jakobsen

NOTER TIL REGNSKAPET

NOTE 1: REGNSKAPSPRINSIPPER

Årsregnskapet er utarbeidet i samsvar med regnskapsloven og god regnskapsskikk for små foretak.

Salgsinntekter

Inntektsføring skjer på leveringstidspunktet.

Klassifisering og vurdering av balanseposter

Omløpsmidler og kortsiktig gjeld omfatter poster som forfaller til betaling innen ett år, samt poster som knytter seg til varekretsløpet. Øvrige poster er klassifisert som anleggsmiddel/langsiktig gjeld.

Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi. Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmidler vurderes til anskaffelseskost, men nedskrives til virkelig verdi dersom verdifallet ikke forventes å være forbigående. Anleggsmidler med begrenset økonomisk levetid avskrives planmessig. Langsiktig gjeld balanseføres til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Fordringer

Kundefordringer og andre fordringer er oppført i balansen til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av individuelle vurderinger av de enkelte fordringene. I tillegg gjøres det for øvrige kundefordringer en uspesifisert avsetning for å dekke forventet tap.

Varebeholdning

Lager av innkjøpte varer er verdsatt til laveste av anskaffelseskost etter FIFO-prinsippet og virkelig verdi.

Varige driftsmidler

Varige driftsmidler balanseføres og avskrives over driftsmidlets levetid dersom de har levetid over 3 år og har en kostpris som overstiger kr 15.000. Direkte vedlikehold av driftsmidler kostnadsføres løpende under driftskostnader, mens påkostninger eller forbedringer tillegges driftsmidlets kostpris og avskrives i takt med driftsmidlet.

Skatt

Skattekostnaden i resultatregnskapet omfatter både periodens betalbare skatt og endring i utsatt skatt. Utsatt skatt er beregnet med 28 % på grunnlag av de midlertidige forskjeller som eksisterer mellom regnskapsmessig og skattemessige verdier, samt ligningsmessig underskudd til fremføring ved utgangen av regnskapsåret. Skatteøkende og skattereduserende midlertidige forskjeller som reverserer eller kan reverseres i samme periode, er utlignet og nettoført.

NOTE 2: LØNN

Bokført lønnskostnad består av følgende:

	2023	2022
Lønninger	kr 927 214	kr 845 305
Arbeidsgiveravgift	kr 52 173	kr 40 625
Påløpne feriepenger	kr 123 107	kr 113 122
Arb.g.avg. påløpne feriepenger	kr 6 278	kr 5 769
Andre ytelser	kr 189 009	kr 190 275
Ref lønn/arb.g.avg/kjøring	kr (45 219)	kr (167 240)
Sum	kr 1 252 563	kr 1 027 856

Gjennomsnittlig antall ansatte:

3

Godtgjørelser/lønn til ledende personer:

Revisor:

Kostnadsført revisjonshonorar utgjør kr 39 963,-

NOTE 3: VARIGE DRIFTSMIDLER

	Bygninger/ eiendommer	Driftsløsøre	Sum
	kr	kr	kr
Bokført verdi 01.01.	6 083 263	210 638	6 293 901
Tilgang i året	28 125	0	28 125
Avgang i året	0	0	0
Verdi før avskrivning 31.12	6 111 388	210 638	6 322 026
Årets avskrivninger	89 900	28 612	118 512
Bokført verdi 31.12	6 021 488	182 026	6 203 514

NOTE 4: AKSJER OG ANDELER I ANDRE FORETAK

Troms skogselskap har pr. 31.12.22 følgende andeler:

	Kostpris
Skogbrukets kurssenter	kr 36 000
Andsvassområdets grunneierlag	kr 25
Sum	<u>kr 36 025</u>

NOTE 5: INNSKUTT EGENKAPITAL

	Saldo 2023	Tilgang 2023	2022
Grunnfondet	kr 111 736	kr 500	kr 111 236

NOTE 6: ANNEN EGENKAPITAL

	Annen EK	Sum
Egenkapital 01.01.	kr 4 123 125	kr 4 123 125
Årsresultat	kr 585 587	kr 585 587
Avsetninger tidligere år tilbakeført egenkapital	kr -	kr -
Egenkapital 31.12.	<u>kr 4 708 712</u>	<u>kr 4 708 712</u>

NOTE 7: AVSETNING FOR FOND

	Saldo 2023	Avsetn. 2023	Saldo 2022
Avsetning til utbygging og utvikling	kr 2 000 000	kr -	kr 2 000 000
Avsetning til skadeforsikring planter	kr 1 000 000		kr 1 000 000
Disposisjonsfond	kr 1 700 000		kr 1 700 000
Forskning og utvikling	kr 3 000 000		kr 3 000 000
Sum	<u>kr 7 700 000</u>	<u>kr -</u>	<u>kr 7 700 000</u>

NOTE 8: SKATT

Troms skogselskap er skattepliktig for den delen av selskapet som omhandler utleiedelen.

Årets skattekostnad fremkommer slik:

	2023		2022
Betalbar skatt på årets resultat	kr	-	kr -
Endring utsatt skatt	kr	-	kr -
Årets totale skattekostnad på ordinært resultat	kr	-	kr -

Betalbar skatt i årets skattekostnad fremkommer slik:

	2023		2022
Ordinært resultat før skattekostnad	kr	(585 787)	kr (5 959)
Anvendelse av fremførbart underskott	kr	-	-
Endring i midlertidige forskjeller	kr	-	kr -
Grunnlag betalbar skatt	kr	(585 787)	kr (5 959)
Grunnlag formuesskatt	kr	18 532 135	kr 19 507 511
Skatt, 28% som utgjør betalbar skatt på årets resultat	kr	-	kr -
Formuesskatt	kr	20 831	kr 21 927
Godtgjørelse på mottatt utbytte	kr	-	kr -
Sum betalbar skatt på årets resultat	kr	20 831	kr 21 927

Spesifikasjon av grunnlag for utsatt skatt/utsatt skattefordel:

Forskjeller som utlignes:	2023	2022	Endring
Anleggsmidler	243 152	107 340	135 812
Varebeholdning	0	0	0
Fordringer	0	0	0
Regnskapsmessig avsetning	0	0	0
Underskudd til fremføring	0	0	0
Sum	243 152	107 340	-135 812

Utsatt skattefordel (28%) kr 68 083 30 055 38 027

Utsatt skattefordel er ikke balanseført etter god regnskapsskikk for små foretak.

NOTE 9: BANKINNSKUDD

Av selskapets samlede bankbeholdning er kr 316 062,54 sperret på konto for skattetrekk.

NOTE10: BANKINNSKUDD

Avsetningene i aksjer og andre veridpapirer er langsiktige og verken tap eller vinning er realisert.

NOTE11: LÅN I SPAREBANK1 NORD-NORGE.

Lån til utbedring av Skogbrukets hus, Andselv.

	31.12.	Avdrag	01.01
Rest lånebeløp	951 023	113 388	1 064 411

SKOGBRUKET I TROMS

SKOGBRUKSSTYRESMAKT

Skogbruksstyresmakt er i følge skogbrukslovas §3:

«Departementet er øvste skogbruksstyresmakt. Departementet kan overføre mynde til andre forvaltningsorgan. Statsforvalteren, fylkeskommunen og kommunen har slikt mynde som følgjer av føresegnene i lova, forskrift fastsett av departementet og andre avgjerder om overføring av mynde.

Dersom saka krev samordning over kommunegrenser, eller viktige nasjonale omsyn tilseier det, kan oppgåver som i eller i medhald av lova er lagt til kommunen behandlast av departementet eller anna skogbruksstyresmakt.

Statsforvalteren er skogbruksstyresmakt for skog som kommunen eller fylkeskommunen eig.»

Statsforvalteren i Troms og Finnmark

Fylkesmannsembeta for Troms og Finnmark er slått saman sia 1. januar 2019, og fekk frå 1. januar 2021 namnet «Statsforvalteren i Troms og Finnmark».

Statsforvaltar Elisabeth Vik Aspaker har hovedkontor i Vadsø. Assisterande statsforvaltarar har kontor i Tromsø.

Landbruksavdelinga er ei av sju avdelinger hos Statsforvalteren. Landbruksdirektør Torhild Gjølme har kontor i Vadsø. Linn Marstrander. Forutan i Vadsø har avdelinga òg kontor i Tromsø og på Andselv.

På Andselv har Statsforvalteren kontor i Skogbrukets hus.

Landbruksavdelinga - skogfagleg personell

Det skogfaglege personellet er delt med ein fylkesskogmester i Vadsø, Helge Molvig, og to fylkesskogmestrar i Troms. Trude Hagen Hansen har den eine stillinga. Den andre har stått ledig frå januar i fjor trass i utlysing fleire gongar.

I tillegg er rådgjevar Anne-Sofie Jakobsen på Skogbrukets hus. Ho har oppgåver innafor jordbruk.

Reindriftsavdelinga og Justis- og kommunalavdelinga

Tre frå reindriftsavdelinga og ein frå Justis- og kommunalavdelinga, planseksjonen, har kontor i Skogbrukets hus

Kommunale skogfunksjonærar

Dei kommunale skogfunksjonærane har ei viktig rolle i forvaltning og næringsutvikling i skogen. Heilt sidan landbrukskontora vart kommunale 01.01.1994 har det vore ei nedbygging av landbruksetatane.

Landbrukskompetanseb har vorte mindre.

Fleire av kommunane har ikkje skogfagleg personell, og skogoppgåvene er lagt til andre

tilsette, ofte til ein med jordbrukskompetanse.

I tabellen nedanfor er skogbruksfagleg tilsette i kommunane ført opp (merka med *). I dei kommunane som ikkje har funksjonærer med skogfagleg utdanning, er den funksjonæren som har desse oppgåvene ført opp.

Kommunane er ordna etter dei tidlegare skogbrukssjefdistrikta. (Sjå TS 2021, ss 36 – 39).

Tabell - Kommunale skogfunksjonærer 2023

Distrikt I				
Harstad, skogmester	Karlsen, Per Eldar *	1)	9489 Harstad	95 27 92 71
Kvæfjord, skogbruksrådgiver	Harstad, Gyrd *	2)	9475 Borkenes	46 91 19 97
Tjeldsund, rådgiver	Rubach, Tone	3)	9440 Evenskjer	96 01 04 83
Distrikt II				
Salangen, skogbrukssjef	Fredheim, Inge *	(6)	9350 Sjøvegan	90 02 57 30
Dyrøy, rådgiver	Kvåle, Lise	4)	9311 Brøstadbøtn	41 19 83 74
Lavangen, landbrukssjef	Albert Pedersen		9357 Tennevoll	91 78 75 20
Gratangen, ingeniør (agroteknikker, +Finnsås)	Johnsen, Torbjørn		9470 Årstein	41 40 97 08
Ibestad, landbrukskonsulent	Bunse, Laura	5)	Hamnvik	94 48 41 07
Distrikt III				
Bardu, landbrukssjef	Nygaard, Ingeborg	6)	9360 Bardu	95 76 45 26
Målselv, skogbrukssjef	Løwø, Frode *		9325 Bardufoss	41 66 97 35
Målselv, skogmester	Hoff, Alf-Rune *		9325 Bardufoss	46 50 21 46
Distrikt IV				
Lenvik, skogmester	Hove, Svein Georg *		9300 Finnsnes	99 23 91 43
Sørreisa, fagleder	Marte Synnøve Løvaas	7)	9310 Sørreisa	93 26 36 89
Distrikt V				
Balsfjord, landbrukssjef	Jørgensen, Brynjar *	8)	9050 Storslett	91 00 26 31
Tromsø, skogansvarlig	Granmo, Lars Petter *		9299 Tromsø	90 22 65 75
Karlsøy, landbrukskonsulent	Roy Helge S. Olsen	14)	9130 Hansnes	77 74 60 43
Distrikt VI				
Lyngen, landbrukssjef	Størseth, Terje *	9)	9060 Lyngseidet	48 07 70 97
Storfjord, rådgiver	Figenschau, Marit	10)	9046 Oteren	40 02 88 55
Kåfjord	Olsen, Birger		9148 Olderdalen	47 65 74 31
Nordr./Skjervøy, skogmester:	Funderud, Dag *	11)	9151 Storslett	77 58 80 41
Nordreisa,	Sund, Tor-Håvard *	12)	«	78 45 51 23
Distrikt VII				
Kvænangen, skogbrukssjef	Sund, Tor Håvard *		9510 Alta	78 45 51 23
Kvænangen	-	13).	9161 fjord	

* Skogutdanna


Merknader tabell kommunale skogfunksjonærer 2023

<p>1) Skog og elg 20 prosent, - SMIL og avlingssskader i Harstad og Evenes</p>	<p>10). Rådgiver i jord-, skog-, fiske- og utmarksforvaltning. Nokre skogoppgåver tar ingeniør (skogteknikkar) Magne Haugstad seg av.</p>
<p>2) Gyrd Harstad – arbeider 60 % i Kvæfjord og 40 % i Harstad som skogrådgiver</p>	<p>11). Slutta 22. aug. 2023.</p>
<p>3) Tilsett nov. 2023.</p> <p>4) Tilsett 1. okt. 2023 – rådgiver primærnæringar</p> <p>5) Begynt 15. sept. 2022. Landbruk.</p> <p>6) Bardu og Salangen har inngått et administrativt samarbeid innafor jord- og skogbruk.</p> <p>7) Fagleder Landbruk, Jord, Skog og Miljø. Tilsett 1.juni 2023.</p> <p>8) Landbrukssjef frå 1. febr. 2023. med skogbruk.</p> <p>9) Terje Størseth – landbrukssjef. Har no også skogbruk frå 1. jan. 2023</p>	<p>12). Dag Funderud har hatt tillagt mange adm. oppgåver i Nordreisa kommune Frå 1. jan. 2023 vart det inngått ein 2-årig avtale med Alta om at Tor-Håvard Sund skulle arbeide i 10 % stilling i Nordreisa saman med Funderud.</p> <p>13) 5% stilling i Kvænangen. Tor-Håvard er også skogbrukssjef for Finnmark med Alta som kontorstad.</p> <p>14). Roy Helge Sæternes Olsen, Landbrukskonsulent i 50 prosent stilling, Tilsett 19. okt. 2023.</p>

ULIKE ARBEIDSOPPGAVER - TILTAK

KYSTSKOGBRUKET

Organisering av Kystskogbruket



Kystskogbruket er omtalt i tidlegare årsmeldingar. Figuren syner organiseringa, sjå òg TS 2022, Kystskogbruket. Opplysingar til framstillinga her er henta frå heimeside og føredrag av Skognæringa kyst.

Om dei tre partane

Skognæringa Kyst SA

Næring: Næringsaktørene i fylkene – de som lever av skogen og av å forvalte den. Sammenslutningen er organisert gjennom Skognæringa Kyst SA og er skognæringas verdikjede-samarbeid i Kystskogbruket.

Fylkeskommunene

Politisk: Fylkeskommunene er, gjennom rollen som regional utviklingsaktør, gitt et helhetlig ansvar for regional nærings- og samfunnsutvikling.

Statsforvalterne

Forvaltning: Statsforvaltergruppa i Kystskogbruket – skogfaglig ansatt fra hver statsforvalter i kystskogregionen – som skal bidra med fagkompetanse om skogressursene, oversikt over aktivitetsnivå og utvikling av skogressursene.

Kystskogbruket sin visjon:

«Kystskogbruket skal være en avgjørende bidragsyter for å oppnå bærekraftsmålene og det grønne skiftet»

Satsingsområda framover for skognæringa

- a) Klimabidrag og skogproduksjon
- b) Trebruk og trebasert verdiskaping
- c) Infrastruktur
- d) Omdømmebygging, rekruttering og nettverksarbeid

Kystskogbruket Troms 2023

Leiarane i Troms i dei tre nettverka er:

- | | |
|--------------------|--|
| Fylkeskommunen: | Kjetil Helstad (adm.)
Bengt Magne Luneng (politisk) (etter valet) |
| Statsforvalteren: | Fylkesskogmeister Trude Hagen |
| Skognæringa Troms: | Frode Vik (leiar) |

Skognæringa Troms

Skognæringa Troms har lege nede ei tid, og vart igjenstarta i år. I denne prosessen vart det halde to like møte 6. og 7. juni, eitt på Thon hotel i Harstad og eitt på Bardufosstun I Målselv. Deltakarane møtte der det passa best. Det vart vald styre og vedtekter vart drøfta.

Styret er no:

- Frode Vik, Kvæfjord leiar
- Torgeir Frihetsli, Målselv, nestleiar
- Arild Kulseng-Hansen, Harstad
- Vegard Fjellaksel Pedersen, Tjeldsund
- Lars Helge Beldo, Kvænanen
- Bitten Hanstad, Bardu, varamedlem

Tømmerkaier. I Troms har det vore møte og synfaringar på tre aktuelle tømmerkaier: Nordreisa, Kvæfjord og Lenvik/ Finnerfjord.

Kaia i Nordreisa er kalkulert til å koste nærare 27. mill. kroner. 7. november i år fekk kommunen tilsagn om ca. 10 mill. kroner i tilskot.for oppstart i 2024.

Tredrivar

Tor-Håvard Sund var tredrivar i Troms i januar og ut året 2023. Prosjektet er avslutta. (Sjå TS 2021, s. 45).

Kystskogkonferansen 2023 - Stokmarknes i Nordland

23. og 24. mai gikk årets kystskogkonferanse av stabelen. Denne gangen på Stokmarknes, i Hadsel kommune, som i den forbindelse hadde åpning av Stokmarknes Miljøhavn. Børøya tømmerkai er en del av denne miljøhavna, og markeringa samlet over hundre personer på en «typisk nord-norsk sommerdag». Finansminister Trygve Slagsvold Vedum åpnet kaia, som blir viktig for å skipe ut et stadig voksende tømmervolum fra skogreisingskogen i Vesterålen. Konferansen tok for seg mange temaer knytta til de rike skogressursene i regionen, blant annet planer for et nytt sagbruk i regionen. (Frå Finnmark skogselskap si årsmelding 2023).

Skognæringsmøte 14. des. 2023 – Bardufosstun

Opent for alle skognæringsaktørar i Troms og Finnmark og kommunale skogfunksjonærar. Programmet var lagt opp slik at nokre av førelesarane heldt sine innlegg digitalt. Dette gjaldt førelesarane frå Landbruksdirektoratet, Skogkurs og Skognæringa Kyst.

- Miljøkrav ved hogst – hva sier lovverket v/Vegard Wist, Landbruksdirektoratet
- Aktuelle kurs for skogsentreprenører v/Mikael Fønhus, Skogkurs
- Kystskogbruket og Skognæringa Kyst v/Ole Bakke
- Skognæringa Troms v/Trude Hagen
- Bruk av tre
 - Dividalsbygg v/Torgeir Frihetsli og Mikal Ritman
 - Tredriverprosjektet i Troms v/Tor-Håvard Sund
- Orientering frå Statsforvalteren:
 - Kommunens rolle som skogmyndigheit ifht. Miljøkrav v/Helge Molvik
 - Skogbruksplanlegging – framdrift v/Trude Hagen
 - Virkesdata og skogfond v/Trude Hagen

Studietur Tre- og sagbruk Trøndelag 13. – 14. november

12-14. november arrangerte skognæringa Troms sammen med Finnmark treforum, en studietur til Trøndelag. På programmet sto både bioenergi, sagbruksdrift og snekkeri. Formålet var å øke interessen og kompetansen hos sagbrukene i Troms og Finnmark, slik at vi får flere etableringer og større produksjon.

Kostnadene dekkes av skognæringsforumene, men hver deltaker betaler en egenandel på kr 1500,-

Deltakere 14, derav 6 frå skognæringa Troms.

Denne artikkelen er plukka frå program og referat frå turen.



Studietur Tre- og sagbruk Trøndelag 13. – 14. november – deltakere fra Skognæringa Troms og Finnmark treforum.

*Fv. Jørn Erik Berntsen, Torgeir Frihetslid, Alf Edvart Sørfosbog, Mona Sørfosbog, Tor Håvard Sund, Kenneth Lamo, Arnold Øverås, Jon Ødegård, Håvard Sunnset, Helge Molvig, Jann Heitmann, Berit Jensen, Espen Johnsen, Jan Erik Larsen. Foto: Ole Andre Hestmo (tidligere skogforvalter i FeFo)
(Vladimir Matic ble ikke med på bildet)*

Opplegg

Tor Håvard Sund fikk god hjelp fra Rune Hedegart i Wood Works Trøndelag, til å sy sammen et program for de 15 deltakerne i to dager.

Innkvartering

Innkvartering på Thon hotel Nidaros, Trondheim, frå kvelden 12.nov.

Program

Dag 1:

- Orkla trebrensel, v/daglig leder Hans Christian Borchsenius. Bruk av lågverdig virke: brenselflis. talle
- Rennebu sag og trekultur, høvleri, Berkåk v/Sveinung Kosberg. – Kledning i malmfuru, brentkledning
- Lunsj på Mjuklia gjestegård. Presentasjon av Norsk bygdesagforening. Leder i foreninga, Ivar Grøndahl holdt et innlegg om hva NBF tilbyr og viste også info om Mebor båndskogbruk og sagbruksteknologi.
- Sunnset sag, Melhus v/driver Håvard Sunnset. Sagbruket kjøper ca 3000 m³ tømmer i året. De satser på spesialproduksjon og skjærer minst mulig standard trelast. Produkter som er viktige nå er materialer til båtbygging, museum-

restaureringsformål, kledning, lafteplank, takåser og emballasjevirke. **Når vi var der var de akkurat i gang med en leveranse granplank som skulle til fartøyvernsenteret i Gratangen.**

Trondheim –19.00 middag

Dag 2:

-Utsjekking -felles gange til konferanserom i Clarion Collection Hotel.

Program – konferanse:

- Hvilke muligheter finnes innen «trefiber-industri» i mindre skala? v/Rise, PFI
- Kystskogbruket, en viktig del av skogfamilien i nord v/daglig leder Ole H. Bakke
- Finansiering, bank v/Geir Tore Mathisen Sparebank 1.
- Innovasjon Norge - Nyetablering, eller videreutvikle- v/Arnstein Kirste.

1200. Avreise til Verdal

- Snekkeriet i Verdal/Arkitre

- Siste stopp på studieturen gikk til Verdal og Snekkeriet. Dette er en trebedrift med 12-13 ansatte. De produserer trapper, restaurerer og bygger dører og vinduer og ellers produserer møbler og innredninger etter kundens ønsker. De bruker tettvokst kjerneved av furu eller gran, linoljemaling og kitt De er opptatt av å ta vare på norsk tradisjon og byggeskikk. Norges største industribygg i massivtre.

-Arkitre

Sammen med Snekkeriet holder også Arkitre hus. Arkitre har satset på spileplater som er frest ut i et stykke, framfor den gamle måten med å lage en og en spile og så montere dem.

Arkitre og Snekkeriet har gått sammen for å utnytte den lokale oreskogen til slike produkter. Restemateriale fra produksjonen blir til spon til røyking av kjøtt og fisk.

16.00 Ankomst Værnes lufthavn – heimreise.

Samarbeid med NIBIO

Undersøking av eigenskapane til konstruksjonsvirke av furu og gran i Troms. To posjekt:

1. «Furu i nord»

Hovudmålet i dette prosjektet var å undersøke eigenskapane til konstruksjonsvirke av furu frå Troms og Finnmark, (sjå TS- 2021, s. 47). Bøyefasheit, E-modul /stivheit og densitet vart undersøkt

Posjektet er ferdig. Resultata føreligg i NIBIO rapporten «Furu i nord – Egenskaper til konstruksjonsvirke av furu fra Troms og Finnmark», (NIBIO rapport, vol. 7, nr. 134, 2021, 32 sider). Forfattarar Eirik Nordhagen (NIBIO), Olav A. Høibø og Geir I. Vestøl (NMBU).



Blåbergskogen – hogst i forsøksfeltet 595. 2022. Magne-Ove Holmbukt med motorsaga, seniorrådgjevar Simen Gjølvsjø bak mot toppen av stammen.

2. «Gran i nord»

I 2022 vart forprosjektet om styrkeegenskapar til granvirke i Nord-Noreg gjennomført. Dei førebels resultatane av forprosjektet låg føre i mars 2023 og vart tatt med i TS- årsmelding i fjor (TS-2022, s. 37). (Tekst frå www.nibio.no: Publisert 10.03.2023 av: Lars Sandved Dalen).

Forprosjektet skulle følgast opp i år (2023), men det vart dessverre ikkje løyvd pengar til det i Troms og Finnmark. Dei er dermed ute, medan hovudprosjektet skal gjennomførast i Nordland.

I forprosjektet vart det samla inn prøver frå 4 bestand med langsiktige feltforsøk i Nord-Noreg: Alta, Bardu, Beiarn og Hattfjellidal.

I Bardu vart det hogd tre prøvetre i forsøksfelt 595 i Blåbergskogen. Trea vart delt i stokker på 3,0 m, 3,6 m og 4,2 m lengde avhengig av toppdiameter. Desse stökkane vart køyrd til Øverås sagbruk og skorne opp til 36 plankar. Plankane vart merka, lagt til tørk og sommaren 2023 transportert til Trelaboratoriet på Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet (NMBU på Ås).

Troms skogselskap stod for hogsten i Blåbergskogen.

Masterppgåve på innsamla materiale

Med grunnlag i materialet som var samla inn i forprosjektet, vart det skrive ein masteropp-gåve ved NMBU: **Evaluering av konstruksjonsvirke av gran (*Picea abies* (L.) Karst) fra Nord-Norge.**

Masteroppgåva vart levert i juni 2024. (Da årsmeldinga TS-2023 ikkje er heilt i hamn, tar vi med frå e-posten professor Geir Vestbøl skreiv til medhjelparane i skogbruk hos Statsforvalterne i nord da han sendte masteroppgåven til dei):

«**Emne: Masteroppgave om konstruksjonsvirke av gran fra Nord-Norge**

Hei

Vedlagt følger masteroppgaven som Martin Næsset Hillestad har skrevet om trelasten av gran som ble samlet inn i forprosjektet «Gran i Nord». Det var et begrenset materiale, men han har likevel fått resultater som tyder på at egenskapene er bedre enn det som tidligere undersøkelser har vist. Det lover godt for hovedprosjektet som vi skal gjennomføre i Nordland. Takk for innsatsen til dere som har bidratt i feltarbeid, skjæring og organisering av transporten til Ås.

Martin har fått jobb som trainee på Moelven, Soknabruket, og starter 1. september.

Vennlig hilsen

Geir I. Vestøl

Norges miljø- og biovitenskapelige universitet
Fakultet for miljøvitenskap og naturforvaltning
1432 Ås»

Barents Forest Forum - Rovaniemi i Finland

4.–5. oktober var ca 80 representanter fra bedrifter, myndigheter, forskning og studenter fra Finland, Norge og Sverige samlet i Rovaniemi, Finland, til Barents Forest Forum 2023. Fra skogbruket i Troms og Finnmark deltok Trude Hagen og Helge Molvig fra Statsforvalteren, Inge Fredheim fra Salangen og Bardu kommuner og Tor Håvard Sund, skogbruks-sjef i Finnmark.

Forumet var en del av avslutningen av Finlands toårige presidentskap i Barents Euro Arctic Council. I regionen har vi mange felles problemstillinger og utfordringer og sammen kan vi bidra til å løfte disse. I løpet av konferansens første dag lærte vi hvordan skog-politikken endrer seg, mer om skogens rolle i den grønne omstillingen, hvordan ungdom ser på skog og mye mer. Dag to var det ekskursjon i skogene rundt Rovaniemi der vi diskuterte foryngelsesmetoder i furu, flerbrukshensyn ved hogst og vi fikk høre hvordan skognæringas samarbeid med reindrifta fungerte.

Det nordiske skogsamarbeidet er viktig for å heve betydningen av de arktiske skogene og vil fortsatt være aktivt. (Frå årsmeldina «Finnmarkskogbruket 2023).

SKOGENS TILSTAND OG VEKST

Vêret mm 2023

Året gjekk inn med mildvêr og litt nedbør. 1. januar var snødjupna 53 cm ved vêrvarslinga i Tromsø, i Harstad 23 cm, på Bardufoss 38 cm, og i Nordstraumen i Kvænangen 3 cm. Ei veke ut i januar vart det målt – 30 gradar på Bardufoss vêrstasjon, men januar vart mildare med mindre nedbør enn normalt.

Etter ei lita veke med kaldvêr ut i februar, kom det nokre dagar med storm, mildvêr og mykje nedbør i kyststroka. Middeltemperaturen for februar vart 2 til 3 gradar over normalen på vêrstasjonane, på innlandet 4 til dryge 5 gradar over. Månadsnedbøren vart om lag det dobbelte av normalen. Vi såg ikkje mykje til sola. Snøen tina og sokk i hop, men det auka på med litt snø mot slutten av månaden. 28 februar var det 34 cm i Harstad, 51 på Bardufoss, Nordstraumen i Kvænangen 5 cm.

Like etter månadsskiftet sette kulda inn, og mars var svært kald, og med nedbørsmengder over normalen. På innlandet var det dagar der gradestokken synte under – 30o. Snømengda auka jamt. Siste dagen i mars var det 60 cm i Harstad, 65 på Bardufoss, 134 i Tromsø og 17 cm i Nordstraumen.

Vårmånadene april – mai.

Etter eitt par dagar først i april med middeltemperatur under normalen, låg han over middelet heilt til 21. april. Det tina jamt, snøen minka gjennom heile perioden. Frå 22.april vart det kaldare. Med unntak av 27. og 28. april varte dette vêret ved til ei veke ut i mai. Nokre dagar var døgnmiddeltemperaturen under null. Det kom òg litt snø. Tininga gjekk sakte. I Harstad var det snøfritt 4. mai. På Bardufoss vêrstasjon 29. april – på planteskolen ei veke ut i mai, i Nordstraumen vart det målt 4 cm 30. april etter fleire dagar med 0. I Tromsø var det 73 cm 30. april og snøfritt 16. mai. Både nedbør og middeltemperaturane for april låg over normalane. Målestasjonen i Dividalen fekk 36 mm nedbør, dette er 224% av normalen.

Dagane som no fulgte mot 17. mai var varmare enn normalt, og det toppa seg den 15. da det på innlandet, og nord og sør i fylket, vart målt over 20 gradar. Våren fekk eit puff framover, og både gåsungar og osperaklar strekte seg, likeså for bjørka der ein kunne sjå i det grøne i einiskilde lauvknoppar. Etter eit kraftig temperaturfall 17. og 18. mai vart det varmare med over 20 gradar fleire stader den 22. og med merkbar utvikling i skogen. Det grønnast. (23/5), men det bremsa opp i ei kald og mange stader nedbørsrik siste veke i mai med snø over heile fylket natt til 1. juni.

Juni

Same vêret heldt seg til 9. juni, nedbøren kom som snø godt ned i skogbandet (9/6). Det gjekk tregt med våren. Men det endra seg fort, 10. juni var temperaturen opp mot tjue gradar. Det var tørt, og etter nokre dagar med ein liten nedgang, steig temperaturane til godt over tjue gradar.

Juni sett under eitt vart ein tørr og varm månad, men med klare skilnader mellom dei 10 første dagane og restan av månaden. Den første delen med temperaturar godt under nor-

malen og bra med nedbør, medan siste delen var varm og tørr. Nokre observasjonar frå målestasjonane syner dette:

Dagar med over 20 gradar – frå 10. juni til og med 30. juni:
Harstad 10, Bardufoss og Dividalen 13, Tromsø 8, Skibotn 10, Sørkjosen og Nordstraumen 7.

Nedbøren frå 10. juni: - til 30. juni (nedbøren for heile månaden i parentes).
Harstad 4 (30), Bardufoss 7 (37), Tromsø 10 (44).

Slik heldt det på, stort sett, gjennom juli, august og nesten til midten av september. Deretter fekk vi tre månader som oppsummert var kalde, til dels særskilde kalde og tørre.

Sommar

Temperatur og nedbør er oppført i tabellen for Harstad, Bardufoss og Tromsø vêrstasjonar. Nedanfor tas med antal dagar med lik eller over 20 gradar.

Juli

Bardufoss og Dividalen II, 18, Tromsø 12, Skibotn II 13, Nordstraumen 11.

August

Harstad 8, Bardufoss 14, Dividal II 11, Tromsø 9, Skibotn II 12, Nordstraumen 8. (Tropenatt målt 9. august på vêrstasjonane i Harstad, på Bardufoss, i Skibotn, i Sørkjosen).

Haust

September

I dei varme dagane drygt ei veke ut i september vart det målt over 20 gradar fleire stadar.

Her nemnast: Bardufoss og Dividal med 2 dagar, Skibotn II 3, Nordstraumen i Kvænangen 3.

Midt i månaden fekk vi dei par første frostnettene i planteskolen.

Oktober

Ved månadsskiftet september – oktober vart det kaldare. Snøgrensa kraup nedover, og morgonen 5. oktober var det litt snø på marka stort sett over heile fylket, men ikkje «ned til fjæresteinan» i sørfylket. I Tromsø var det 4 cm 7. oktober.

Oktober var ein kald og litt tørr måned. Mesteparten av nedbøren fall dei første 10 dagane.

November

følgde i same leia - kald og tørr. Nedbøren kom som snø og med stabilt snødekke. Største snødjupna vart målt 19. nov. med 50 cm i Tromsø, 21 cm i Harstad og Bardufoss og 35 i Nordstraumen.

Desember

kald og tørr. Ei veke før jul var det plussgradar og mykje av månadsnedbøren kom no i den tradisjonelle kakelinna. Snødjupna rundt den 20. var 45 cm i Harstad, 21 cm på Bardufoss, 69 i Tromsø og 15 cm i Nordstraumen. På Bardufoss vêrstasjon var den kaldaste dagen i desember litlejulaftan med – 27,2 gradar.

Vértabell 2023

2023	JAN	FEB	MAR	APR	MAI	JUN	JUL	AUG	SEP	OKT	NOV	DES	ÅR
						TEMPERATUR							
Harstad	-0,5	-0,5	-3,4	3,6	6,6	11,3	14,6	14,6	10,1	2,2	-1,2	-3,0	4,6
Normal	-1,8	-2,2	-0,7	2,4	6,6	9,9	13,2	12,4	8,9	4,3	1,4	-0,5	4,5
Bardufoss	-7,1	-3,5	-8,2	1,9	6,3	13,0	15,7	14,4	9,3	2,1	-10,4	-13,5	1,3
Normal	-9,7	-9,1	-5,1	0,6	6,0	10,7	13,7	12,3	7,4	0,8	-4,7	-7,8	1,2
Tromsø	-1,5	-0,5	-4,5	2,6	5,6	10,8	14,1	13,7	8,8	0,9	-2,4	-3,7	3,7
Normal	-3,0	-3,3	-1,9	1,2	5,5	9,4	12,3	11,3	7,8	3,1	0,2	-1,7	3,5
						NEDBØR I MM							
Harstad	62	160	130	55	43	30	17	44	87	64	40	54	791
Normal	129	95	100	53	44	39	55	58	77	94	78	90	909
Bardufoss	44	99	68	35	45	37	9	69	68	44	24	32	574
Normal	69	59	62	34	34	46	63	65	71	72	56	73	704
Tromsø	120	219	175	82	121	44	15	30	160	80	58	56	1159
Normal	108	97	97	71	57	58	73	88	111	127	94	110	1086
						SOLTIMAR							
Tromsø			58	138	215,4	322						0	-
Normal 1991 - 2000	3	31,8	112,4	160,0	217,9	220,7	205,0	167,2	92,1	48,3	6,3	0	1264
						SNØDJUPNE CM							
Tromsø						Snøfritt 16. mai. Snø 27. mai 2 cm - borte dagen etter. Natt til 1. juni – 1 cm - borte 2. juni.							
Normal 1991 - 2020	60	82	94	91	29				53	132	147		
Største snødjupne	81	93	140	136	81				2	38	69		
Dato	27.	125	22.	1.	5.	5			31.	24-26.	21..		

Kjelder: MET info Været i Norge- klimatologiske månedsoversikter; yr.no/nb/historikk; aviser, Troms skogselskap og egne notat.

Skogtilstanden

Skogen stod grøn og frodig gjennom vekstsesongen. Om lag 30 prosent av totalt skogareal kan drivast økonkmisk. Dette kan utvidast.

Det hoggast for lite gamal lauvskog og for mykje yngre granskog. Plantinga bør aukast.

Skogens vekst 2023

Våren

Lauvsprett, vekststart, og blomstring.

Frå 4. til 21. april var døgnmiddeltemperaturane til dels godt over normalane på Bardufoss vèrstasjon. Deretter vart det kjøligere. Det tina sakte. Det var stort sett snøheilt, og utviklinga i skogen gjekk treigt. Selja med sine raklar kjem tidleg i gong men utan varme dagar tar det litt tid før gåsungane er der med nektar til tidleg flygande insekt.

På oldra var det modne hannraklar midt i månaden. Tok inn olderkvistar med raklar 13. april i Fagerlidal. Litt pollen dryssa allerei første dagen. 26. april vart det tatt nye kvistar frå same trea. Da var raklane tomme for pollen.

I skogkantane rundt Andselv var heggeknoppar brotne, og ei veke ut i mai kunne vi sjå i bladspissane.

I det litt varmare vèret utetter mai, berre avbrote av kaldvèret 17. og 18., utvikla skogen seg sakte, men sikkert. Ved Skogbrukets hus hadde òg dei eldre bjørketrea musøyrestort lauv like etter 17. mai. Horaklane kom fram. I Fagerlidal var skogen i låglandet grøn 22. mai. Litt opp i lia (til dømes ved Andsvatnet) og i nordskrånningar hang det etter, men to – tre dagar seinare var det grønt i låglandet.

Toppknoppene på ungfurua nedanfor Skogbrukets hus strekt seg eit par tre centimeter før månadsskiftet. Men i det kjølige og litt våte vèret utetter juni gjekk det sakte fram til den 10. Furuknoppene strekte seg ein centimeter eller to, ospelauvet kom til syne. Ved Øset i Andsvatnet, der vi har tatt bilde til årsmeldinga dei siste åra, skimte ein så vidt i det grøne i knoppene på gamal bjørka. (9/6),

Temperaturstiginga frå den 10. gjorde godt. Blomstrane på hegga ved Andselv kom fram den 11. På grana kom det nye, gule nåler, skota på ungfurua nedanfor Skogbrukets hus strekte seg til over 10 cm. Lauvet falda seg ut, mykje bjørkepollen dryssa ut. Rogna blomstra 19. juni på Andselv.

Årets vekst

Skotlengde gran

(Dei siste åra har vi brukt skotlengda på grana nedanfor Skogbrukets hus i månadsskiftet juni/juli som fast observasjon for vekståret så langt).

29. juni -10 – 15 cm (strekt seg bra dei siste dagane) – fleire med konglar.

2. juli – bra spreiring – opptil 25 cm toppskot, gjennomsnitt setjast til 15 – 20. cm. (feltet er h.kl. III/ung IV). – Også furua har strekt seg godt (berre nokre få tre, eit par over 30 cm).

Årets vekst
God.

Haust

13. september – nysnø i fjella for første gong i sommar, ned til ca. 900 moh ?

Mot midten av september - svakt haustfarga (15/9). Først i elgjakta – som tok til 25. september – var det enno godt med lauv på skogen. Både haustfarga og avlauving auka på, og få dagar ut i oktober var det meste over.

Skadar på skogen

Utanom ein del lauvmakk er det ikkje rapportert større skogskadar i år.

Dei vanlege rust- og råtesoppene saman med insekt, smånagarar og klimaskadar er no der utan at dei har vekt særleg åtgåum.

Ved kysten var det fleire uvørsperiodar med sterk vind/storm som førte med seg spreidde vindfall og stammebrekk.

Insekt

Lauvmakk

Ujamt med observasjonar. Mest frå sørfylket. På ein tur opp mot Andsfjellet 21. juni der registrering av lauvmakk var eit av føremåla, vart det sett berre 1 lauvmakk (fjellbjørkemålar). Seinhaustes var det likevel ein del vaksne individ som tok kvile på vindu og ved lyskjelder i haustmørkna.

Leif Evje skriv i sine observasjonar frå Kvæfjord:

«Omkring 18. juni var det flere som meldte om lauvmakk både i Kvæfjord og Harstad. Ser ut til at det er i samme områdene som hadde angrep i 2022. Kun sett noen få små larver av fjellbjørkemålar på enkelte bjørker i lavlandet.

- - -

Og oppsumert etter sesongen skriv Leif:

«*Lauvmakk har hatt angrep flere steder.* Angrep var i alle høydeler og på alle treslag. Områdene med konsentrerte angrep varierer i størrelse fra 10 dekar til 500 dekar.

Sist i september var det sverming av fjellbjørkemålere og en del gul frostmålar (*Agriopis aurantiaria*). Artene ble bestemt med bilder på artsoraklet.

Utover i oktober var det fjellbjørkemålerene som holdt ut lengst i det kjølige været.

Så seint som 15. november så en brun høstmålar (*Operopthera brumata*), som så vidt var i stand til å fly og flere individ som lå livløse oppå nysnøen. Denne dagen var temperaturen så vidt over null, ellers har det stort sett vært kuldegrader i flere uker.»



(I frostmålar (*Agriopsis aurantiaria*) og brun høstmåler (*Operopthera brumata*). 25. september 2023
(Foto: Leif Evje).



Brun høstmåler (*Operopthera brumata*). Kvæfjord 18. november 2023, sjå tekst.
(Foto: Leif Evje).

Namna på desse krabatane har skifta, vorte samanblanda og vanskeleg å halde styr på. Leif Evje skriv at han her har brukt namn og identifisering frå artsdatbanken og artsoraklet.

«I Svanelvdalen var det lite å sjå På Gratangseidet øvst i skogbandet var det mykje lauvmakk.» (Asbjørn Gangstad på tlf.10. aug. – på landskogtaksering i Svanlvdalen). Før på sommaren meldte tidlegare fylkesskogmeister Oddvar Brenna om mykje lauvmakk i Svanelvdalen

Rustsopp

Bjøkerust

Sist i august blei det en del bjøkerust, skriv Leif Evje frå Kvæfjord.

Klima

Vindsviing

«I starten på juni blei det synlig brunfarge og ekstra nålefall på grantrær nær fjorden. Årsaken var nok salt og vind fra vinterens uvær. Det var mest skader på den sida av trærne som vender mot fjorden.» (Leif Evje, Kvæfjord).

«20. og 21. mai var det sørvest kuling med sterke vindkast. Det kan nok ha blitt en del sjøsalt på nyutsprunget lauv i sjønære områder.» (L.E.)

Stormfelling

«Sterke vindkast flere ganger gjennom året førte til stammebrekk og noen rotvelter i eldre plantefelt av gran.

I gammel bjørkeskog blei det stedvis også mye stormfelling.» (L.E.).

Tørke

Brun furuskog på Stonglandet på Senja – truleg tørke (Asbjørn Gangstad på landsskogtaksering 10. august).

Snøskred i Nordreisa

Frå skogbrukssjef Tor Håvard Sund:

«At snøskred gjør skade vet vi, men at det går langt ute på flatene skjer ikke så ofte. I løpet av vinteren 2023 gikk det to store skred i Nordreisa.

Den 31.mars 23 gikk det et kjempestort skred på Haugset i Reisadalen. Hvor mange dekar som ble berørt er uvisst, men store mengder gran og lauvskog ble berørt og lagt ned som fyrstikker.

I Kildalen gikk det i samme tidsrom et tilsvarende skred som gikk over Kildalselva og ut på flatene

Virket kjørt ut og tatt vare på til videreforedling.»

Snøskred i Balsfjord

Eit større snøskred i Kjusakdalen først i april tok rundt 300 m³ stor bjørke- og ospeskog. (Brynjar Jørgensen.

«Det største skredet (bildet) var ca 150 m bredt og 900m langt, nr.2 ca 80-100m lang og 900m langt. Anslår at ca 300 kubikk med stor bjørkeskog og aspeskog er gått tapt i skredene», skriv fototakar Stig Anders J. Larsen, formann i Kjusakdalen utmarkslag.

*Snøskred i
Allmenningen i Kjusak-
dalen i Balsfjord
først i april 2023.*



Skogbrann

I den varme, tørre sommaren auka skogbrannfaren og vart særst høg fleire stadar. Nokre små kratt og lyngbrannar var det nok, men større brannar vart unngått.

Dei forebyggjande tiltaka er gode. Varsel om skogbrannfare vert publisert i media, og er med i dei vanlege vèrmeldingane på radio og TV – varseltekantane på skjermen er gode påminningar. «Oransj» varsel er høgste farenivå.

I fleire kommunar vart det innførte lokale midlertidige forskrifter om forbud om å gjøre opp ild i skog- og utmark. Desse var ei pressisering, og utviding, av det generelle forbudet om å gjøre opp ild i skog og utmark. (Kommunar som vedtok slike var Lyngen, Karlsøy, Storfjord, Tromsø, Senja, Balsfjord, Målselv og kan hende fleire med). Først i august beslutta Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap (DSB) å sette to skogbrannhelikopter i beredskap i Troms. Den eine maskina i Tromsø og den andre i Narvik.

Skogtreas blomstring og frøsetting

Bartre

Furu - varierer noko svak til god, men i hovudsak 1(svak). Pollenfall 20. juni

Gran - 1 – pollenfall ei veke ut i juni.

Lauvtre

Bjørk – svak blomstring – pollen ei dryg veke ut i juni.

Older – pollen 15. april – god blomstring i Innlandet.

Hegg – « 11. juni « – god blomstring.

Rogn – blomstra 19. juni Andselv – svak

Blomstring (rapportert frå skogfunksjonærane):

	Sanke- område Høgde- lag	Dato for pollenfall Gran	Blomst- rings- styrke Furu	Tilgang på konglar			Merknader
				Gran	Furu	Andre treslag	
Distrikt I	W-1	-	0	1	1	Sit/lutz 1 Dunbjørk 1	Harstad
Distrikt II	X-1	-	-	-	1		
Distrikt III (Målselv og Bardu)	X/Y-1	-	1	1		Dunbjørk 1 Rogn 1 Hegg 2 Older 2	Pollenfall furu 20.06
Distrikt IV (Senja)	Z-1	Varierend 15. juni	-	1 1	1		Pollenfall: Furu 26. juni
Distrikt V (Balsfjord)	Y	-	-	1	1	Rogn 4 Hegg 4	Balsfjord
Distrikt VI (Nordreisa)	X-1		-	-	2		
Distrikt VII Kvænangen	X-1	-	-	-	2		

Kode: 0: ingen, 1: dårleg (svak), 2: god, 3: mykje god, 4: svært god. -: ikkje registrert.

Skogsbær

Godt molteår, svakt for blåbær og tyttebær.

Molte. Det var gode molteførekomsstar fleire stadar. Mange opplevde året som særst godt. Sein blomstring og ein særst varm og tørr sommar slo ulikt ut i bærrområda. Der myr og mark hadde råme nok vart avlinga stor.

Blomstringa skaut fart etter det kjølige vêret vi hadde fram til 10. juni. Da blomstra det godt mange stader, og modninga gjekk fort i varmvêret.

På Storfjorda i Målselv noterte Kristian Karlsen første molteblomster 11. juni. Leif Evje, Kvæfjord, skriv 5. juni: «Molte stod i blomst helt nede ved fjæra.»

«På nokre myrer der det var mykje blomstrar i juni, vart det sparsomt med bær. «Molte varierte mye fra bra i noen områder til nesten ikke bær i andre deler av kommunen.» (L.E. frå Kvæfjord)

«Godt med molte. På ein tur i Dividalen 24. juli plukka eg 4- 5 kg på ei lita myr 450 moh»(G. Kvammen).

«Veldig godt på Senja. I Storfjord måtte ein litt opp i høgda for plukking» (Viggo Johansen Storfjord, med hytte på Senja).

Blåbær, tyttebær


God blomstring. Lite nedbør i ein rekordvarm sommar førte til uttørring og få og små bær dei fleste plassane.

«Godt med blåbær på Senja. I Storfjord måtte ein høgt opp, 5 – 600 moh) for å plukke blåbær

Tyttebær, lite, men eg fant det eg skulle. Mest i kraftliner. Det vert hogd for lite i skogen. Tyttebærlyngen går ut.» (Viggo Johansen, Skibotn)

VILT – SKOG

Elg



I 2023 vart det felt 1887 elg i Troms mot 1791 i fjor. Tala er henta frå Statistisk sentralbyrå 26. mars 2024.

Fellingsprosenten litt over 70. (Målselv 76%, i fjor 83).

Felte elg i dei einskilde kommunane 2023 (rangert etter felling i 2022)..

Det er felt elg i samtlige kommunar i Troms.

Kommune	Felte elg	Kommune	Felte elg	Kommune	Felte elg
Målselv	289 (276)	Kvæfjord	83 (84)	Ibestad	97 (53)
Senja	196 (184)	Salangen	87 (82)	Gratangen	34 (39)
Bardu	191 (177)	Nordreisa	63 (66)	Lavangen	27 (29)
Balsfjord	133 (152)	Sørreisa	58 (61)	Lyngen	32 (26)
Tjeldsund	152 (151)	Karlsøy	71 (58)	Kvænangen	25 (16)
Tromsø	120 (108)	Dyrøy	59 (57)	Kåfjord	15 (13)
Harstad	100 (100)	Storfjord	50 (54)	Skjervøy	5 (5)

Avgang av hjortevilt utanom ordinær jakt

Statistisk Sentralbyrå har oppgåver over registrert avgang av hjortevilt utanom ordinær jakt. Denne er delt på kommune, dyr og årsak. Klart vanlegaste årsak er dyr drept i trafikken. Andre kategoriar er dyr felt som skadedyr, dyr felt i nødverge og dyr felt ulovleg, men dei fleste hamnar i klassen «omkomne av andre årsakar». Denne statistikken gjeld jaktåret som er frå 1. april 2022 til 31. mars 2023.

Registrert avgang:

Elg

I alt 139. Herav påkjørt av bil 58, av desse var 12 i Tjeldsund og 12 i Målselv. «Omkomne av andre årsakar» 74 der 20 av desse var i Harstad. (Av fleire grunnar kan det innrapporterte talet for Harstad ha blitt for høgt).

Rådyr

I alt 10. Herav påkjørt av bil 6. «Omkomne av andre årsakar» 3.

Tiltak for å få ned viltpåkøyrslan

Viltpåkøyrslar er eit stort problem, særleg i snørike vintrar. I tillegg til dei trafikkdrepte dyra kjem dei påkøyrslar der dyret overlever – kan hende med store eller lettare skadar. I tillegg kjem mindre hendingar som ikkje er registrerte. Truleg òg nokre farlege trafikksituasjonar. Både kommunar og Statens vegvesen arbeider med tiltak for å få ned viltpåkøyrslane. (Om tiltak for å minske elgpåkøyrslar sjå TS- 2022, s. 53. 54 og tidlegare årsmeldingar).

Elgtelling i Målselv.

I november 2022 gjennomførte viltnemnda i Målselv elgtelling frå helikopter. I følge «Nye Troms» (23. mars 2023) vart det telt berre 277 dyr under denne tellinga. – Eit resultat som syntest å vere i lågste laget. Vi tar med at ny telling vart gjennomført over to dagar i mars 2023. Da var òg trekkelgen på plass. Leiaren i viltnemnda seier til «Nye Troms» - i same utgåve som nemnt ovanfor – at resultatet no vart 939 elg i Målselv – derav 360 kyr, 301 kalvar, 204 oksar og 74 ukjente. (Dette notatet om elgtellingane i november 2022 og mars 2023 var òg med i TS si årsmelding for 2022).

Beitegranskingar

har det ikkje vore i år. Ein god peikepinne om korleis det står til med tilgang på beite for elg, har ein i beitetrykket på ROS-artane (Rogn, Osp, Selje). Desse artane liker elgen, og er noko av dei første han beiter.

Småvilt

Skogsfugl

Dei siste åra har det vore varierende, men lite skogsfugl. Det same gjeld rype, men i år var det bra med ryper i midt fylket, frå kyst til innland og i kyststroka.

Rapport frå distrikta:

«Orrfuglbestanden var også god i år». (Leif Evje, Sør Troms.)

«Orrfugl og storfugl er i ein levedyktigbestand, men ikkje haustingsverdig overskot» (Viggo.Johansen, Skibotn).

Rype

I følge Statskog syner takseringsresultata deira at det er eit godt år med rypeproduksjon både i tal på kull og storleik på kulla. Statskog har hatt begrensing på uttaket i sin område.

«Det blei jamt over store rypekull og dermed en oppgang i rypebestanden.» (L.Evje, Kvæfjord.).

«Lite å sjå av både ryper og spor etter dei. Eg synes bestanden er så liten så eg har ikkje gått på jakt dei siste 4 åra.» (V.Johansen, Skibotn.)

